# REISEGUIDE

## SUNNFJORD

Førde · Gaular · Jølster · Naustdal



SUNNFJORD
UTVIKLING

2018 – 2019

# INNHALD



Foto: Espen Mills.

*Astruptunet*



Foto: Jiri Havran.

*Nasjonal Turistveg Gaularfjellet*



Foto: Knut Utler.

*Førdefestivalen*


Side 3 ........ Velkommen til Sunnfjord

Side 4 ........ Toppturеldorado sommar

Side 6 ........ Å, fagre Sunnfjord!

Side 7 ........ Toppturеldorado vinter

Side 8 ........ Jølster – vår juvél!

Side 9 ........ Brebygda Jølster

Side 10 ........ Nasjonal turistveg Gaularfjellet

Side 12 ........ Kunst og kultur – i Astrup sitt rike

Side 14 ........ Fiske

Side 16 ........ «Ete fysst» – Lokalmat som freistar ganen

Side 19 ........ Utelivet i Førde

Side 20 ........ Dagsutflukter i Sunnfjord

Side 24 ........ Aktiv ferie

Side 26 ........ Sykkelferie i Sunnfjord

Side 27 ........ Dagsruter på sykkel i Sunnfjord

Side 28 ........ Festivalar og årlege arrangement

Side 30 ........ Kommunane i Sunnfjord: Jølster, Førde, Naustdal og Gaular



*Såtefjellet, Jølster. Foto: Kristine Kjøsnes.*

# Velkommen til Sunnfjord

Vatn. Som morgondogg på gule kronblad når soleienatta lysnar av dag. Som ei vernande kappe i den store, blå frosten på breen. Som ein spegel å strekkje seg mot, for grøne bøar og snøkledde fjell. Brått glimrar det i sølv og gull over vassflata, i ein augneblink ser du auren leike i sollyset. Slik dropane under iskanten blir til elvar, fossar og vatn, blir augneblinkar til timar, dagar og år. Følgjer du vatnet finn du løyndomane. Og let deg fange, for ei stund eller for alltid. I evig vakre Sunnfjord.


**SUNNFJORD UTVIKLING**
Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Tel.: 95 73 93 24
post@sunnfjord.no
**www.sunnfjord.no**

**Turistinformasjon:**
Skei Servicenter (Esso),
Skei i Jølster, tel. 57 72 82 34
malene@essoskei.no.



**Framsidebilete:**
Utsikt over Kjøsnesfjorden og Jølstravatnet. Foto: Atle Lunde, Lunde Turiststasjon.

Grafisk design: Natvik, Florø
Kart: Ellen Jepson







Foto: Torje Bjellaas.



*TVERRFJELLET. FOTO: ØYVIND HOLSEN FOSS.*

# TOPPTURELDORADO SOMMAR

Topptur er ikkje einstydig med vinter. Toppane er der om sommaren og. Heldige er vi i Sunnfjord som har nokre av dei beste! Du finn alt frå lette til krevjande, slakke og bratte, korte og lange, sti eller ur, snø og bre, alt du måtte ønske! I dalane og på fjellet kan du vandre i timesvis, ofte uten å sjå nokon andre! Og ein støylstur kan passa sjølv dei minste i familien.

Er du glad i å bruke beina kan fjella by på mange og varierte turopplevingar, ta med deg familien og vener på ein av dei tilrettelagde turstiane, eller gå laus på dei meir krevjande fjelltoppane. Det er ikkje berre i Jølster det skjer, Holsen, Haukedalen, Viksdalen, Sande og Naustdal har alle flotte perlar av fjell, ikkje ver redd for å oppsøke desse for å finne ein bortgøymd godbit!

Planlegg turen med kart, vervarsel og ver førebudd på raskt skiftande ver sjølv på dei finaste sommarsdagane! Å ferdast på bre krev breutstyr og kunnskap om breferdsel og kameratredning. Husk fjellvettreglane!

## NOKRE SOMMARFAVORITTAR

- Gallen
- Bolsetnipa
- Hamnanova
- Norddyttingen
- Drøsinga
- Storehesten
- Kabusen
- Lundeskaret/Tverrfjellet

**Meir informasjon om turane på www.UT.no**



| Favoritturar | Start | Varighet | Vanske-legheits-grad | Passer for | M.O.H. |
|---|---|---|---|---|---|
| Hafstadfjellet (via Hafstadkleiva) | Førde | 2–3 timar<br>5 km |  | Nesten rett opp, men utsikten er verdt det | 706 |
| Bolsetnipa | Skei | 4–5 timar<br>9,5 km |  | Nydeleg utsikt over Jølster | 1214 |
| Hamnanova | Dvergsdals-dalen | 1–1,5 timar<br>3,5 km |  | Panoramautsikt for heile familien | 750 |
| Flugestølen | Vassenden | 1–1,5 timar<br>4,2 km |  | Stølstur for heile familien | 410 |
| Eikåsnipa | Eikås | 3 timar<br>5 km |  | Fantastisk utsikt | 826 |
| Venvevvassegga | Rørvikfjellet | 5 timar<br>11 km |  | Flott tur med fin utsikt | 1023 |
| Kabusen | Haukedalen | 5 timar<br>5 km |  | Bratt opp til ein unik plass | 980 |
| Storehesten (Kvamshesten) | Bygstad | 7–8 timar<br>13 km |  | Sunnfjord sitt signaturfjell | 1209 |
| Skagestølen | Sande | 1,5–2 timar<br>3,2 km |  | Både store og små vil like denne turen | 460 |
| Vindkjegla | Naustdal | 3 timar<br>6 km |  | Lett, men bratt | 688 |



*EIRIK HOLE PÅ VEG OPP MOT STORAKSLA I JØLSTER. JOSTEDALSBREEN I BAKGRUNNEN. FOTO: ØYVIND HOLSEN FOSS.*

# Å, FAGRE SUNNFJORD!

Det som har skjedd i Sunnfjord er at brear og elvar gjennom millionar av år har skapt noko av det finaste terrenget i Noreg for ferdsel sommar som vinter. Vi har dalar som snor seg innover, bortover, oppover, hitover, ditover, flotte store og små vatn med den beste auren, fantastiske elvar og fossefall, dei blåaste breane og dei finaste fjella. Fjella og dalane har fjellsider og fjellryggar i alle himmelretningar og av all slags brattheit, sommarstid eit eventyr å vandre eller springe i, vinterstid eit topptureventyr.

Heldige er vi som har fått denne gåva av kreftene som har forma terrenget, la oss difor bruke det, ta vare på det og verdsette det.

La oss ferdast sporlaust og plukke med oss eige boss og alt anna vi kjem over. God tur!



*SÅTEFJELLET. FOTO: GAUTE DVERGSDAL BØYUM.*



*PÅ VEG TIL TINDEFJELLET I JØLSTER. UTSIKT MOT SKEI, JØLSTRAVATNET OG KJØSNESFJORDEN. FOTO: INGEBORG SOL FURE.*



*HARALD OTTERSTAD PÅ VEG NED TROLLEBOTTSEGGANE I JØLSTER, STARDALEN I BAKGRUNNEN. FOTO: ØYVIND HOLSEN FOSS.*

# TOPPTURELDORADO VINTER

I Sunnfjord finn du eit mangfald av fjell og utfordringar for alle! Frå toppar med enkelt terreng som kan passe for heile familien til bratte og krevjande turar for eksperten som set store krav til ski- eller brettferdigheiter og skredkunnskap. På dei rette toppane kan ein sjå havet i vest og breane i aust, på alle toppar har du den storslåtte Sunnfjordnaturen med deg! Når det gjeld snøforholda har vi utallige dalar og himmelretningar å spele på, så det er gode muligheiter for godt bevart snø lenge etter sist snøfall.

Toppturar vinterstid krev god fysisk form og gode ferdigheiter på ski eller brett, samt kunnskap om snøskred, førstehjelp, og navigasjon. Dersom du skal utforske eit område for første gong, anbefalar vi lokalguidane «tilfjells» og «Bre og Fjell». Dei tilbyr ferdige pakkar og skreddarsydde opplevingar i Jølster og vil alltid finne den beste snøen for deg på fjellet sine premissar!

Om du reiser på tur utan guide, planlegg turen godt med skredvarslinga på **www.varsom.no**, vervarsling og kart! Ikkje gløym fjellvettreglane. I boka «Toppturar i Sunnfjord» finn du det du måtte trenge om Sunnfjords beste toppturar.

Lokale favorittar er Tindefjellet, Bjørsetfjellet og Olahansen.

**www.tilfjellsas.no**
**www.breogfjell.no**

## ALPINT I SUNNFJORD

I Sunnfjord har vi to flombelyste alpinbakkar og mange flotte langrennsløyper å velje i. Sunnfjord har to skisenter, Jølster Skisenter og Sunnfjord Skisenter. Her finn du alpine løyper som passar for alle, og dei jobbar på spreng gjennom sesongen for å tilby deg og familien din ei best mogleg oppleving kvar einaste dag!

**www.jolsterskisenter.no**
**www.sunnfjordskisenter.no**

## LANGRENN

I Sunnfjord finn du fleire langrennsløyper. Langs E39, 10 km sør for Førde ligg Langeland Ski- og Fritidssenter. Her er fleire preparerte løyper, inkludert lysløype. Ved gode skiforhold er turløypene rundt Gjøset preparerte, 10 km og 20 km via Fausestøylen (løypa til Kalsetrennet).

Gjesdalsdalen i Vassenden på Jølster byr på fantastiske turopplevingar heile året. Om vinteren vil du gå i maskinpreparert løype som er tilrettelagt for alle skigreiner. Det er mogleg å starte på løypa frå to inngangar; anten ved parkeringsplassen ved varmestove eller ved å køyre opp i Holtane hyttefelt og starte frå parkeringa.

I Instedalen Skianlegg i Naustdal er det gode forhold for å gå på ski. Det er ikkje lys i heile langrennsløypa, det kan derfor vere lurt å ta med lykt om du vil gå på kveldstid.



*ASTRUPTUNET. FOTO: ESPEN MILLS.*

# JØLSTER – VÅR JUVÉL!

*Legg meg ned*
*ved sida av elva*
*i von om*
*at det nye faret*
*vil gå gjennom meg*

**Rolf Bjørge**

Dette vesle diktet heng over stovedøra i ei lita sperrestove ved Jølstravatnet. Ein diktar budde her nokre år. Då han drog let han diktet vere att.

Forma av vatnet i evig rørsle ligg bygda Jølster under breen som ein juvel. Når du set stegjernet i isen, kviler ryggen mot ein varde eller fører kajakken stilt langs stranda, formar rørslene dine landskapet slik du vil hugse det. Når du dreg, legg snøen seg i spora dine, lyngen røyser seg der du kvilde, vinden stryk ut ringane i vatnet etter åretaka.

Men diktet over døra kunne vore ditt. Det nye faret går gjennom deg.

### SKAPARKRAFT I VERDAS VAKRASTE RAMME

Vår kulturhistorie er prega av den skaparkrafta landskapet gjev. I alle dei tolv grendelaga kring vatnet finst arven etter spelemenn og – kvinner, diktarar og kunstnarar. På Sandalsstrand ligg det vakraste og viktigaste provet på slik skaparkraft: Astruptunet.

Heimen til Nikolai og Engel Astrup er verdskjend som motiv i kunstnaren sine maleri. Soleienatta, Isdronninga og Seljekallen like fullt. Priselden og revebjøllene.

«Jeg brender efter at få komme ut og lære noget om malning.» Slik skriv den 17 år gamle prestesonen Nikolai Astrup i eit brev til venen Arne Giverholt i 1897. Han var utovervendt og reiseglad. Eitt stipend førte han like til Algerie! Men det var Jølster han måla.

Vatnet rann livgjevande gjennom landskapet, og skapte saman med lyset og årstidene ei utømmeleg inspirasjonskjelde for kunstnaren heile livet igjennom.

Å reise til Jølster er som å reise inn i Astrup sitt rike. Rabarbraen blømer i hagane. Fullmånen lyser over åkrane. Kleberfossen stuper mot jølet i fjellsida bak Prestegarden.

Høyrer du? Lyden av vatnet som fell?
Lyden gav bygda vår namn:
Jølster
Lyden av vatn. Lyden av liv.



*HAUGABREEN. FOTO: BRE OG FJELL.*

# BREBYGDA JØLSTER

Jostedalsbreen er den største isbreen på det Europeiske fastlandet. I Jølster kan du sjå Jostedalsbreen både frå E39 i Kjøsnesfjorden, og i Stardalen. I 1890 vedtok Den Norske Turistforeining å tilsetje førarar med patent på visse ruter over Jostedalsbreen. Etter dette har det vore fleire patentførarar i Jølster for rutene Lunde til Fjærland, og frå Fonn i Stardalen til Veitastrond. Frå gamalt av gjekk folk nødig på breen. Framover på 1800 talet voks trafikken både i form av drifting av kveg, menn på friarferd, eller om ein skulle besøkje nabogrender i bryllaup eller barnedåp. Turistane tok til å vandre på breen på slutten av same hundreår. Berre i Jølster vert desse patentførartradisjonane vidareført i form av dagsturar med erfarne breførarar på Haugabreen.

## BRETURAR

Å gå i taulag på isbreen er ei unik og spennande oppleving for store og små. Ønskjer du deg ein tur på breen, bruk lokalkjend guide. Bre og Fjell har guida turar på Haugabreen kvar onsdag, torsdag, fredag og laurdag i juli og august. Turar på bestilling i juni og september. (www.breogfjell.no). Ein guida tur på Haugabreen tek totalt seks timar og har 10 års aldersgrense.

Ønskjer du å oppleve meir av Jostedalsbreen anbefaler vi deg å ta turen til Norsk Bremuseum i Fjærland som syner samspelet i naturen og mellom natur og menneske - gjennom avansert filmteknikk, interaktive modellar og dine eigne eksperiment med ekte breis.



*HAUGABREEN. FOTO: BRE OG FJELL.*



*NATIONAL TOURIST ROUTE GAULARFJELLET, COPYRIGHT STATENS VEGVESEN, JIRI HAVRAN.*

# NASJONAL TURISTVEG GAULARFJELLET

Ei fredeleg ferd langs verna vassdrag, fossar og ein stille fjordarm. Her kan barn og vaksne oppleve aurefiske på sitt beste, og vandre på fine stiar langs fossar og stryk. Her er det også tilbod om å leige båt og kano, samt gode tilhøve for dei som likar å vandre i fjellet. Vegen går langs ein arm av verdas lengste fjord, Sognefjorden, før den smyg seg opp dei bratte dalsidene mot fjellet. Vegen vidare følgjer det verna Gaularvassdraget som er kjent for sine mange fossefall, men som også har stryk og rolege fjellvatn. Langs delar av vassdraget er det bygd ein fossesti for å gjere dei sjåverdige partia meir tilgjengelege. På vegen er det gode muleheiter til å ta turen vidare til Førde og oppleve shoppinghovudstaden i fylket.




## STREKNINGA

Nasjonal turistveg Gaularfjellet mellom Balestrand – Eldalsosen – Moskog og Eldalsosen og Sande er 130 kilometer lang (fylkesveg 55/13/610).

Strekninga mellom Mel og Mjell på Gaularfjellet er vinterstengt.



*LIKHOLEFOSSEN. FOTO: BJØRN ANDRESEN, STATENS VEGVESEN.*

# ANBEFALTE STOPPESTADER PÅ VEGEN

## UTSIKTEN

Frå Vetlefjorden går vegen i svingar opp mot fjellet og det høgaste punktet ved Nystølvatnet. Stopplassen ved Utsikten byr på panoramautsikt over dalen og det mektige fjellandskapet.

## LIKHOLEFOSSEN

Gaularvassdraget er kraftfullt og vilt, og ein tur på den spenstige stålbrua over Likholefossen gjev deg nærkontakt med krafta i fossen, spesielt når vassføringa er stor. Frå brua kan du vandre vidare på «fossestien» langs det verna vassdraget. Arkitekt: Nordplan – Arild Waage

## HESTAD KAPELL

Det gamle Hestad kapell ligg vakkert til på den smale tunga mellom Viksdalsvatnet og Hestadfjorden.

## VALLESTADFOSSEN

Den mektige trappefossen ved utløpet av Haukedalsvatnet er eit flott syn.

## RØRVIKFJELLET

Frå utsiktsplassen på Rørvikfjellet er det panoramautsikt over det vakre Haukedalsvatnet der også Jostedalsbreen er synleg i horisonten.



*PÅ VEG OPP TIL UTSIKTEN.*



*HESTAD KAPELL. FOTO: SUNNFJORD UTVIKLING.*



*SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM. FOTO: SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM.*

# KUNST OG KULTUR – i Astrup sitt rike

**Nikolai Astrup** (1880-1928) er ein av Noreg sine mest framståande og folkekjære kunstnarar. Han er kjend for særeigne skildringar av Vestlandet sin frodige, ville natur og tradisjonelle folkeliv. Astrup budde i Jølster det meste av livet, og omtala seg sjølv som ein av dei mest stad- og jordbundne kunstnarane i landet.

**Astruptunet** var Nikolai Astrup sin heim dei siste 14 åra han levde, og du finn det slik det var då Astrup budde der. Løa blei riven og bygd opp att til eit galleri, men med same utsjånad som den gamle løa. Galleriet inneheld faste utstillingar av Astrupkunst som maleri, grafikk, tresnittplater og skisser. Dei aller fleste motiva hans er henta frå Jølster, og Nikolai Astrup er i ettertid blitt ståande som ein av dei mest norske av dei nasjonale kunstnarane våre. Lyset, naturen og stemninga på Astruptunet er verdt eit besøk i seg sjølv. **www.sfk.museum.no**

**Sunnfjord Museum** er eit friluftsmuseum, lett tilgjengeleg frå E39, 9 km aust for Førde. Museet byr på utstillingar, bygningar med spennande historie, varierte turvegar, butikk og kiosk. Kunnskapsrike lokale guidar tek deg med rundt i museet. Vi siterer frå gjesteboka: For ein fantastisk plass å lære om historia i denne regionen! Heretter kjem eg garantert til å verne meg med sirklar på senga mi og tjørekrossar på døra. **sunnfjord.museum.no**

**Ludvig Eikaas** var født i Jølster og har ei samling på rundt 800 kunstverk. Eikaasgalleriet er Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt største galleri og har fokus på representative utstillingar av nasjonal og internasjonal storleik og kvalitet i kombinasjon med profilering av eiga samling.
**www.eikaasgalleriet.no**

**Jølstramuseet** er eit privat museum med opptil 400 år gamle hus, fleire tusen historiske bruks- og pynteting, eit kunstgalleri og eit fiskesenter. Museet ligg på Vassenden, berre 20 km frå Førde. Her blir det arrangert konsertar, bryllaup og andre festlege arrangement.
**www.jolstramuseet.no**

**Sogn og Fjordane Kunstmuseum** i Førde har ansvar for formidling av regional kunsthistorie med vekt på 1900-talet,samtidskunst,kunsthandverk,design og arkitektur, og har skiftande utstillingar gjennom heile året. Museet har museumsbutikk med kunst og kunsthandverk, samt Kafé Sobra. Museet har fått internasjonal pris for sin særprega arkitektur. **www.sfk.museum.no**

**Hestad Kapell** er lokalisert ved Hestadfjorden i Gaular. Kapellet vart bygd i 1805, og erstatta ei stavkyrkje som hadde stått sidan mellomalderen. Send ein mail til info@stavechurch.com eller ring +47 57 67 88 40 for omvising i kapellet.



*SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM. FOTO: SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM.*

**Villa Åmot** tilbyr ein unik kombinasjon av gardsovernatting, lokal mat og nyskapande kulturopplevingar. Villa Åmot er eit annleis hotell. Ein stad der silke, taft og fløyel er like naturleg som gummistøvlar. Ein stad der den gode stemninga går hand i hand med profesjonalitet og kvalitet. Ein stad der operabøndene Steinar og Yngve gjer sitt yttarste for at du skal få oppleve «det lille ekstra». **www.villaamot.no**

**Luftkampmuseet i Naustdal** er til minne om den svarte fredagen i februar 1945, då det største luftslaget i løpet av krigen i Norge gjekk føre seg i luftrommet over Indre Sunnfjord. Museet er også ein serveringsstad innan Norsk Gardsmat.

Håjen Kafé byr på lokale smakar i «Gamleløa». Den gamle løa på Håjen er gjort om til restaurant og byr på eit rustikt miljø med innslag av fortida. Håjen tilbyr også handlaga bakevarer, som til dømes Sunnfjordlefse, kaffilefse, flatbrød, potetkaker, natronkaker, søt gjærbakst og mykje meir. Luftkampmuseet og Håjen Kafé har ope søndag – fredag i sommarsesongen. For opningstider heile året, sjå **www.haajen.no**



*ASTRUP-RÅME VED JØLSTRAVATNET PÅ SKEI I JØLSTER. FOTO: INGEBORG SOL FURE.*



*FISKING I JØLSTER. FOTO: ATLE LUNDE, LUNDE TURISTSTASJON.*

# FISKE

Regionen er eit eldorado for sports- og hobbyfiskarar. Her kan du fiske i både sjø, elv og ferskvatn. Fiske i sjø er fritt for alle, medan fiske i lakseelvar og fiskevatn krev fiskekort.

## INNLANDSFISKE

Innan ein times radius frå Førde finn du hundrevis med fiskevatn og eit ti-tals elvar. Her finn du tre lakseelvar; Nausta, Gaula og Jølstra. Nausta er ei av landets beste lakseelvar. Gaula er mest kjent for fiske i Osfossen, der elva renn ut i Dalsfjorden. Sesongen varierer frå elv til elv. I Jølstravatnet er det mogleg å fiske med stang heile året, og er du aurefiskar skal du leite lenge etter meir bitevillig aure.

Jølstravatnet er Nord Europas rikaste aurevatn. Mange turistar, både norske og utanlandske, kjem til Jølster for å prøve fiskelukka. Det er stor næringsfiske i vatnet, noko av fisken vert foredla til rakaure og seld til gourmetbutikkar i Noreg.

I august kvart år vert det arrangert aurefiskefest i Sunnjord. Arrangementet går over fleire dagar i Gaular kommune. Konkurransen går ut på å få den største auren i løpet av dei dagane konkurransen varer. Hovudpremien er på kr. 10.000,-.

I Jølster blir det arrangert Jølster aurefest der ein konkurrerer om å komme nærast mogleg ei idealvekt på auren. Hovudpremien her er ein bil. Arrangementet blir halde i juni.



*FISKING I DALSFJORDEN. FOTO: REINHARD ZEGGEWEISS.*



*FISKING I JØLSTER. FOTO: DAVID ZADIG.*

## LAKSEFISKE I NAUSTA

Fylkets beste lakseelv finn du i Naustdal. Nausta har sitt utløp i Førdefjorden og er lakseførande i 12 km. Elva renn gjennom eit jordbruksområde og er omkransa av ein variert og fin natur. Nausta er kjent som ei spanande elv for flugefiske, med mange varierte og gode fiskeplassar over heile elva. Området under Naustdalsfossen er kjent som ein av Noregs beste fiskeplassar for laksefiske. Elva vart i 2005 varig verna etter ein kortare vernekamp.

## FJORDFISKE

Førde- og Dalsfjorden er fjordarmar som strekkjer seg langs fjell og fjordlandskap. Her finn du mange gode fiskeplassar. Fiske med stang og handsnøre i sjøen er fritt for alle, her kan du få dei fleste fiskeartar som finst i sjøen i Norge. Russenes friluftsområde i Naustdal er ein fin plass for fiske frå land. Her er lagt til rette for parkering, området har fleire merka stiar og det er moglegheiter for telting.

## FISKEKORT

**På inatur www.inatur.no kan du kjøpe fiskekort for områder over heile landet. Kvittering får du på SMS eller mail og kvitteringa er då gyldig som fiskekort. Fiskekort får du også kjøpt hos grunneigarar og på nokre overnattingsstadar.**



*PÅ TUR MED NORSK FISKESENTER. FOTO: NORSK FISKESENTER.*

# «ETE FYSST»

## Lokalmat som freistar ganen på ditt besøk i Sunnfjord

Mat-tradisjonane er stolte i Sunnfjord. I alle år har uttrykket «Ete fysst» vore gjeldande, og i dei sunnfjordske heimar har ein laga sin eigen tradisjonsmat i generasjonar etter generasjonar. Sunnfjord byr på mange ulike matopplevingar med lokal identitet, i kombinasjon med ekte natur- og kulturopplevingar. Her er nokre av våre spesielle etestader, som tek deg rett inn i matfatet i Sunnfjord – med god atmosfære og trivelege miljø:




Det heimekoselege **Fjordamattunet**, med sin lune atmosfære, i Støfringsdalen på Vassenden i Jølster er bygd opp rundt Kari Støfringsdal sin unike kompetanse på tradisjonsmat og matkultur. Her tilbyr Kari kurs og matopplevingar som passar for alle, både arbeidskollegaer, organisasjonar, vener, familiar, og dei som driv med lokal-foredling eller servering. Maten blir laga i fellesskap, og det gode måltidet er ein viktig del av opplevinga. I trivel-ege lokale kan de møtast for å læra, oppleva og nyta, og det heile blir avslutta med eit godt måltid heimelaga mat. www.fjordamattunet.no




I sentrum av Vassenden i Jølster tilbyr **Jølstramuseet** ein kombinasjon av fiskepakkar, naturopplevingar og tradisjonsmat til spesielle anledningar, bedrifter eller små selskap. Nyt roa og omgivelsane i det vakre tunet og i dei gamle stovene, omkransa av kunst og historie, medan du inntek eit festmåltid med mellom anna pannesteikt Jølstraaure, laga på Jølstramuseet sin eigen spesielle måte. Jølstramuseet har sommaropen kafé frå 16. juni til 9. september, opent: torsdag, fredag, laurdag og søndag kl. 14.00 – 19.00. Elles tek dei imot grupper etter avtale. www.jolstramuseet.no




På **Villa Åmot** i Bygstad får besøkande servert utsøkt Sunnfjordmat, laga av lokale råvarer og overnatting i det restaurerte våningshuset anno 1890. Villa Åmot har fått utmerkinga Olavsrosa, Norsk Kulturarv sitt kvalitetsmerke, og er medlem av «De Historiske Hotel og Spisesteder». Villa Åmot har 10 overnattingsrom, eit stort gardstun, engelsk hage, møtelokale, kjøkken, konsert- og selskapslokale for 10-150 personar. Intimt og grandiost på same tid.
www.villaamot.no









**Håjen Kafé – Ekte handverk med lokale smakar**
I grenda Frammarsvik ved Førdefjorden, seks kilometer vest for Naustdal, ligg Håjen Kafé. Den gamle løa på garden er ombygd til restaurant og bakeri for å tilby gjestane matopplevingar i ei vakker ramme. Bak god mat ligg det god tid. På Håjen brukar ein tida på å sanke bær, dyrke grønsaker eller handle kjøt frå den lokale jegeren, med mål om at du skal få ei fin matoppleving. Gode råvarer og eit solid handverk er vegen til gode smakar og ei fin stund rundt matbordet. Tradisjonsmat står framleis sterkt, men også nykomponerte rettar står på menyen. Om du ønsker å senke skuldrane og nyte mat med kjærleik i rolege omgjevnader, skal du ta turen til Håjen. Om fjorden ligg stille i solskin eller bølgene piskar i vinden, fjelltoppane er kvite eller tåkedekte, er det alltid godt å kvile auga på utsikta medan du nyt eit godt måltid. Håjen Kafé har ope søndag til fredag i sommarsesongen.
Sjekk opningstidene på **www.haajen.no**




**Flatheim** i Viksdalen, rett ved Nasjonal Turistveg Gaularfjellet, er ein svært spennande stad, med aktivitetar, overnatting, lokalmat, open kafé, god kaffi og gardsutsal. Den unike plasseringa av garden er verdt eit besøk aleina, og spesielt viss du er svolten. Flatheim byr på tradisjonsmat som natronkaker og lappar – i tillegg til andre freistingar, som blingsar, bollar og kaker. Alt dette får du i sommarkaféen på Flatheim, som er open dagleg kl. 12.00 – 17.00 i perioden 25. juni – 12. august. Flatheim tek elles imot grupper på bestilling, gjennom heile året. **www.gaularfjellet.no**




**Bakar-Jon**, som held til på Byrkjelo i Nordfjord, er kun eit kvarters køyring frå Skei i Jølster. Dette er flaggskipet for lokalmat i fylket vårt, og her har Bakar-Jon og teamet hans vore fast stoppestad for mange vegfarande gjennom utallige år. Deira kjempegode bakevarer frå eige bakeri og fantastiske kaker i alle variantar frå eige konditori, er populære heile året gjennom. Bakar-Jon sin spesialbutikk for lokalmat er unik, med eit svært stort utval kvalitetsvarer frå heile landet, og deira kafé med middagsservering, kaffi og heimelaga kaker er ein populær stad å stoppa på for alle vegfarande. **www.bakarjon.no**




**Mjølkerampen**, som er ein populær kafé i Sande sentrum, byr på god kaffi, heimelaga kaker, smørbrød, ferske brød, gjærbakst og enkle lunsjrettar basert på lokale råvarer og mykje meir. Dette er ein sosial samlingsplass for lokalbefolkninga, og andre tilreisande, med lokal mat i spennande lokale. Mjølkerampen har ope heile året, alle dagar i veka, unnateke søndag og måndag. Opningstider er kl. 09.00 – 16.00. Sjå meir informasjon på **facebook.com/mjolkerampenkafe**



I Førde finn du eit rikt utval av restaurantar og kaféar. Her kan du slå deg ned etter ein travel handlerunde eller nyte ein betre middag på ein finare restaurant. Det er ellers fleire store hotell med gode restaurantar i Sunnfjord: Thon Hotel Jølster, Thon Hotel Førde, Scandic Sunnfjord Hotel & Spa og Sande Kro og Hotel.




*FØRDE BY NIGHT. FOTO: ALF VIDAR SNÆLAND*

# UTELIVET I FØRDE

**LARRIS Scene og Bar** – Scandic Sunnfjord Hotel & Spa Førde si nye kulturscene opna hausten 2017, og har teke utelivet i Førde til nye høgder!

Fasaden på Larris Scene er dekorert av Oddvar Torsheims «Siri syng Fjordblues» og er eit spesielt blikkfang i bybildet – spesielt frå sida mot Firda Billag. Sjølve navnet, Larris, er og inspirert av same folkekjære kunstnar, etter den omskrivne Beatles-melodien «Larris tok ein Farris».

Larris skal vere ein møteplass, ei kulturscene, ei arena for opplevingar innanfor dans, musikk, teater, litteratur og stand-up.

Av artistar som har opptredd på Larris kan vi nevne: Eva Weel Skram, Kjartan Lauritzen, Raga Rockers, Kristian Valen, Sigrid Moldestad og Bare Egil Band.

Førde-folk og besøkande kan sjå fram til mange gode opplevingar på Larris!

**Pikant** – ligg flott til ved lakse-elva Jølstra, og det er ikkje uvanleg at gjester ser fisken sprette medan ein nyt god mat og drikke ute eller inne. Pikant arrangerer quizkveldar og intim-konsertar, og har skiftande utstillingar av lokale kunstnarar og fotografar.

**Bartine Bar** – ein fin og uformell møteplass på Scandic Sunnfjord Hotel. Her får ein servert enkle retter og god drikke, med uteservering dei dagene været tillet det.

**Thon Hotel Førde** – Det eldste hotellet i Førde, historia går heilt tilbake til 1860 – men totalt nyoppussa i 2018.

Førde kan elles by på t.d. Peppes Pizza, Dolly Dimple's Pizza, Burger King, Elvetorget og Amfi kjøpesenter, private butikkar, Førde Bowling og mykje meir...




*LARRIS SCENE. FOTO: SCANDIC SUNNFJORD HOTEL & SPA.*



*SOGNDAL. FOTO: VEGARD BYRKJELAND AASEN.*

# DAGSUTFLUKTER I SOGN OG FJORDANE

## – med utgangspunkt i Sunnfjord

**Sunnfjord si sentrale plassering – midt i fylket – er unik i forhold til dei største attraksjonane i Sogn og Fjordane, med kort avstand til både Sognefjorden og Nordfjord. På same tid som ein kan bu i eit roleg område, utan teikn til masseturisme, kan ein ta dagstur til for eksempel Sognefjorden eller Loen Skylift. Her er forslag til dagsutflukter med bil frå Sunnfjord:**

### DAG 1: SOGNEFJORDEN

Med utgangspunkt i Førde, brukar ein omlag 1 time og 40 minuttar til Sogndal ved Sognefjorden. På denne ruta passerer ein Skei, og køyrer langs fantastiske Kjøsnesfjorden i retning Fjærland. Ca 20 minutt etter Skei, kjem ein til Bøyabreen og Brevasshytta, som ligg heilt tett inntil breen, og er eit populært foto- og matstopp. Tradisjonsrik à la carte, med spesialitetar som til dømes hjorteburger og rømmegraut, samt heimelaga eplekake, er freistingar for alle som også ønskjer ein stopp ved breen.

Vegen vidare går gjennom Sogndalsdalen, før ein kjem til Sogndal og Sognefjorden. Køyrer ein vidare innover mot Luster, i retning Sognefjellet, kjem ein til Hafslo, som blir kalla perla i Sogn. Hafslo minner om ei austlandsbygd, på grunn av sitt opne landskap og idylliske Hafslovatnet, og er nabobygda til meir kjente Solvorn, som minner om ein sørlandsk landsby, heilt nede ved Sognefjorden. Ferja frå Solvorn til Urnes er ein attraksjon i seg sjølv, og på andre sida av den lengste fjorden i Europa, finn ein Ornes Stavkyrkje, den eldste stavkyrkja i landet. Vidare innover sørsida av Lustrafjorden, ein arm av Sognefjorden, kan ein køyra, gå eller sykla på «Den romantiske vegen».






*UTSIKT FRÅ BRÆVASSHYTTA. FOTO: BRÆVASSHYTTA.*




*LOEN SKYLIFT. FOTO: SØLVI DYBEVOLD.*

## DAG 2: LOEN SKYLIFT

Med utgangspunkt i Førde, brukar ein omlag to timar til bygda Loen i Nordfjord, der spektakulære Loen Skylift har teke turistar og lokalbefolkning til nye høgder. Denne pendelbana vart opna av Dronning Sonja i mai 2017, og har sprengt alle rekordar om forventa besøkstal. Her kjem du frå fjord til fjell på 5 minuttar, og etter nokre minutt i luftig svev kjem ein til Hoven Restaurant, 1011 m.o.h. På toppen ventar eit 210 graders panoramautsyn med utsikt til kjente Skåla og Lovatnet i aust, Jostedalsbreen og Olden i sør, og ut Nordfjorden, som buktar seg vidare mot Stryn i vest. Her kan ein oppleva høgfjellet på eiga hand, eller med guide, til fots eller på ski. Meir informasjon på **www.hovenloen.no** På vegen heimatt til Sunnfjord kan ein svinga innom Bakar-Jon, fylket sitt flaggskip innan lokalmat, og kjøpa med seg god niste på vegen. Ein kan også kjøpa seg middag i deira koselege kafé. Har ein framleis god tid på heimvegen, anbefalar me ein svipptur innover mot Haugabreen i Stardalen. Avkøyrsla frå E39 på Klakegg er skilta med «Stardalen», og Haugabreen er om lag 10 kilometer innover dalen med bil. På vegen mot breen passerer ein Stardalen Sommarkafé og Stardalen Hyttegrend, og her er det også verdt eit stopp. Vegen vidare innover Stardalen byr på mektige fjell i heftig natur, og etter ca 5 minuttar køyring, kjem ein til Høyseth Camping og Haugabreen. Sjarmerande hytter med historisk sjel og nærleiken til eit vandre-eldorado i Haugadalen, gjer det verdt å overnatta her, før ein eventuelt kan melda seg på breføring på Haugabreen neste morgon. Sjå meir informasjon på **www.breogfjell.no**







*BAKAR-JON – EIN NATURLEG STOPPESTAD PÅ VEGEN MELLOM SUNNFJORD OG NORDFJORD. FOTO: BAKAR-JON/COOP.*



*SUNNFJORD MUSEUM. FOTO: ESPEN MILLS.*

## DAG 3: RUNDTUR I SUNNFJORD

Ein flott rundtur i Sunnfjord får du viss du startar på Mjølkerampen i Sande sentrum, og kjøper med deg dei fantastiske skulebollane til Siv Helen. Så kan bilturen gå vidare mot Hestadgrend og retning Nasjonal Turistveg Gaularfjellet. I Viksdalen kjem du til Flatheim, som har sommaropen kafe, og tilbyr heimelaga kaker og bakst, blingsar og svært god kaffi. Då er du rusta til den spektakulære turen over Gaularfjellet, der det unike monumentet «UTSIKTEN» er verdt eit langt fotostopp.

Vegen vidare fører deg til Vassenden og gardsbakeriet Erketunet, som har eit stort utval i assortert gjærbakst og andre freistingar. Men merk deg at Erketunet kun har ope på fredagar.

Deretter køyrer du sørsida mot Skei i Jølster, og etter 22 kilometer kjem du til Astruptunet, heimen til målaren, teiknaren og grafikaren Nikolai Astrup. Astruptunet har ope kvar dag heile sommaren, og i helgane på vår/haust. Etter besøket i Astruptunet, køyrer ein vidare mot Skei, og her stoppar ein gjerne på Audhild Vikens Vevstove i Skei sentrum. Her er julebutikk, kafé, souvenirar til sals og mykje spennande i lokalt handverk og spennande interiør. Butikken ligg rett ved Thon Hotel Jølster, som kan tilby oppvarma symjebasseng, trimrom og god restaurant.

Så er det på tide og ta fatt på heimvegen, og her kan ein køyra E39 tilbake. Når ein er framme ved Vassenden att, kan ein stoppa på Jølstramuseet, som tilbyr fiskepakkar, naturopplevingar og tradisjonsmat. Her finn ein roen, omkransa av kunst, kultur og historie, og det er



open kafé kvar dag heile sommaren. Deira spesialitet er sjølvfiska Jølstraaure, tilbereidd på deira eigen spesielle måte.

Dersom du treng å bevega deg litt etter denne lange bilturen, har Jølstraholmen Camping utleige av EL-syklar, og Sunnfjord Golfklubb er plassert like i nærleiken.

Vegen vidare mot Førde er verdt ein svipptur innom Sunnfjord Museum i idylliske Movika, rett ved E39, der ein kan sjå utstillingar og samlingar som speglar dagleglivet til folk flest i Sunnfjord gjennom tidene. Her er friluftsmuseum i flotte omgjevnader, og fleire turstiar med informasjonstavler som fortel den lokale natur- og kulturhistoria.

Vel framme i Førde, så er Scandic Sunnfjord Hotel & Spa eller Thon Hotel Førde gode stader og overnatta på. I tillegg har me Førde Gjestehus og Camping, og andre billegare alternativ.



*UTSIKTEN VED GAULARFJELLET. FOTO:  JIRI HAVRAN. ARKITEKT: CODE ARKITEKTUR AS.*



*FLATHEIM, VIKSDALEN, VED GAULARFJELLET.*



*THON HOTEL JØLSTER, SKEI I JØLSTER.*

Eller, om ein køyrer tilbake til utgangspunktet – SANDE – så kan ein også overnatta på Sande Kro og Hotell.

Dette var berre nokre anbefalingar til reiserute i Sunnfjord, me har sjølvsagt også meir enn dette å tilby. Bla gjennom denne Reiseguiden, og lag dine eigne turar, utifrå kva du tykkjer verkar mest interessant av alt me har i Sunnfjord.

**God tur!**




*SCANDIC SUNNFJORD HOTEL & SPA I FØRDE.*

# AKTIV FERIE

Sunnfjord – midt i fylket, og i hjarta av Fjord-Norge, tilbyr aktivitetar og tilrettelagte opplevingar, der ein kjem i nær kontakt med naturen. Sjå alt du kan oppleva her:

## Lunde Turiststasjon

Her kan ein utfordra seg sjølv med m.a. bungy-running (strikkspringing på godt norsk), offroad-buggy, øksekasting, rodeo og bogeskyting.

www.turiststasjon.no





## tilfjells

Turar, bre, klatring, moro, oppleving, eventyr osv. osv. Øyvind Holsen Foss på ei vinterbestigning av Maritind, Sunnfjord si einaste tind! Hittil har vi ikkje hørt om nokon som har vore på toppen vinterstid, utanom tilfjells…

www.tilfjellsas.no

## Sunnfjord Golfklubb

Sunnfjord Golfklubb inviterer deg til ei spanande oppleving på ei utfordrande 9-holsbane med doble utslag (par 72). Fasilitetane inkluderer driving range, treningsgreen og -bunker, klubbhus med kaffiautomat, leikeplass for dei minste og ein velutstyrt proshop.

www.sunnfjordgk.no





FOTO: HALLSTEIN DVERGSDAL.

## Jølster Rafting

Dette er ekte RAFTING! Gjennom frodig og vakker natur opplever du ei frisk og utfordrande elv, med store mengder sprut, spenning og moro, og eit herleg sug i magen.

www.jolster-rafting.no

## Sunnfjord Gokart

Go-kart er ei av de greinene som gir deg størst fartskjensle. Du sitt nær bakken i ein open kart, og farten kan vere opp mot 70-80 km/t i dei minste klassane. I dei større klassane er farten langt høgare. Go-kart er ei grein i vekst.

www.nmksunnfjord.no



FOTO: JØLSTER RAFTING

## Jølstraholmen Camping

Familievennleg camping, med til dømes vannsklie, bade-kulp, grillhytte, bordtennis, stor plen til å spele fotball, leikeplass og trampoline. Utleige av syklar, el-syklar, båt med motor på Jølstravatnet. Sal av fiskekort, jaktkort og skikort.

www.jolstraholmen.no





## Go'kajakk

Kajakkpadling er ein allsidig aktivitet. Go`kajakk tilbyr introduksjon og treningsopplegg for alle som har lyst til å padle kajakk.

www.gokajakk.no

## Høyseth Camping

